




# FORSKRIFT OM FELLES ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN



## Innholdsliste

1.0	Innleiing	3
1.1	Heimel	3
1.2	Innhald og virkeområde	3
1.3	Skulane sitt eige ordensreglement	4
2.0	Formål, rettar og pliktar for elevane	4
2.1	Formål	4
2.2	Rettar	4
2.3	Plikter	4
3.0	Reglar og sanksjonar	5
3.1	Reglar for orden og åtferd	5
3.2	Sanksjonar	5
3.2.1	Tiltak mot brot på ordensreglementet	6
3.2.2	Bortvising	6
3.2.3	Flytting av elev til annan skule	7
3.3	Konkrete regelbrot og sanksjonar	8
3.3.1	Ugyldig fråvær	8
3.3.2	Krenkjande åtferd	9
3.3.3	Farlege gjenstandar	9
3.3.4	Rusmiddel	9
3.3.5	Ransaking	9
3.3.6	Hæverk/skadeverk	10
3.3.7	Mobiltelefon	10
3.3.8	Kamera	10
3.3.9	Netthets	11
3.3.10	Internett	11
3.3.11	Fusk	11
3.3.12	Straffbare forhold	11
4.0	Fastsetting av karakterar i orden og åtferd	12
5.0	Sakshandsaming	14
5.1	Sakshandsaming knytt til læringsmiljøet	14
5.2	Generelle sakshandsamingsprosedyrar	15
6.0	Iverksetting	16

## Kapittel 1 Innleiing

### 1.1 Heimel

Med heimel i lov av 17.juli 1998 nr.61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, har kommunestyret vedtatt *Forskrift om felles ordensreglement*. Forskrifta har vore handsama i Levekårskomitèen og har vore på høyring i forkant.

Forskrifta er heimla i Opplæringslova (gjeldande frå 1.08.2017)

*§ 9 A-10. Ordensreglement*

*Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.*

*Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.*

*Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

### 1.2 Innhald og virkeområde

Ordens- og åtferdsreglementet omfattar alle grunnskular i kommunen, skulefritidsordninga (SFO) medrekna.

Reglementet inneheld reglar for orden og åtferd, reglar for kva for tiltak som skal nyttast ved brot på reglementet (sanksjonar), og reglar for framgangsmåten når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Ordensreglementet byggjer på Opplæringslova med forskrifter, og er ei utdjuping og presisering av desse.

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, friminutt, arrangement, ekskursjonar med meir, der skulen har tilsyn for elevane. Dette vil seie at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, i fellesrom, uteområde og på turar.

Ordensreglementet gjeld også på skulevegen.

Skulefritidsordning (SFO) og leksehjelp har eige ordensreglement.

### 1.3 Skulane sitt eige ordensreglement

I tillegg til eit felles ordensreglement for grunnskulen i Kvinnherad, skal den enkelte skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd. Skulen sitt reglementet skal ta utgangspunkt i lokale forhold, og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ivareta elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Den enkelte skule kan i tillegg ha reglar om t.d. ordensteneste, opphaldsreglar, eller andre spesielle forhold.

Alle rådsorgan ved skulen skal delta i utforminga av det lokale reglementet.

Ved eventuell motstrid vil opplæringslova og det felles ordensreglementet gjelde framfor det lokale reglementet.

## Kapittel 2 Formål, rettar og pliktar for elevane

### 2.1 Formål

Skulane i Kvinnherad skal vere prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette på skulen. Elevane skal lære å sjå seg sjølv som medansvarlege for eit godt fellesskap, prega av trivsel og respekt.

Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsettinga. Ordensreglementet tar utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ønskjer å bruke sine positive ressursar til å nå målsettinga om eit godt skulesamfunn for alle.

### 2.2 Rettar

Elevane har krav på :

- eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- å bli behandla på ein skikkeleg måte
- å ikkje bli utsett for krenkjande ord/handlingar

### 2.3 Plikter

Elevane har plikt til å:

- arbeide for eit godt og trygt lærings- og skulemiljø
- behandle andre på ein skikkeleg måte
- vise andre respekt og ikkje øydelegge noko på skulen eller for andre
- ikkje utsette andre for krenkjande ord, handlingar eller mobbing

## Kapittel 3 Reglar og sanksjonar

Ordensreglementet skal bl.a. innehalde reglar om kva for tiltak/sanksjonar som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, jf. Opplæringslova §9 A-10.

### 3.1 Reglar for orden og åtferd

Skulen er ein lærings- og arbeidsplass for mange menneske, både barn, unge og vaksne. Saman har vi ansvar for at skuledagen blir bra. Det er viktig å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø både for elevar og tilsette på den enkelte skule. Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet, alminneleg god folkeskikk.

Det tyder bl.a. at elevane skal:

- vise omsyn og respekt for andre
- halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- møte presis til timar og avtalar
- gjere skulearbeidet til rett tid
- ha med nødvendige bøker og utstyr
- halde god orden
- halde område på skulen reint og ryddig
- ta godt vare på alt som høyrer skulen til, både inne og ute, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
- ta godt vare på personlege ting, og unngå å ta med verdisaker på skulen.

Dette er ikkje tillate:

- krenkjande åtferd – verbalt eller fysisk som øydelegg for læring, leik og sosial utvikling
- krenkjande ord og handlingar knytt til kjønn, religion, legning eller nasjonalitet
- krenkjande åtferd som utestenging frå fellesskapet, diskriminering og mobbing
- å ha med våpen og farlege gjenstandar
- å ha med og bruke tobakk, snus og andre rusmiddel
- å forlate skulen sitt område utan løyve

### 3.2 Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane forstår kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonar skal stå i rimeleg forhold til brot på ordensreglement.

Eleven skal dersom det er muleg, få høve til å gjere opp for seg.

Fysisk refs eller annan krenkjande behandling av elevane er ikkje tillate.

Kollektiv straff kan ikkje nyttast for handlingar utøvd av enkeltelevar, men må rettast mot den/dei elevane som har brote reglementet.

Elevane pliktar å rette seg etter sanksjonar som blir gitt, men det er ikkje høve til å bruke tvang. Skulen kan berre nytte sanksjonar som følgjer av lov eller ordensreglement.

Mindre inngripande tiltak som elevane kan oppleve som straff, men der formålet ikkje er å straffe, kjem inn under skulen sin rett til å organisere undervisninga. Dette blir ikkje omtalt i felles ordensreglement.

Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement, kan føre til sanksjonar etter reglane i dette kapittel, dersom ikkje noko anna er nemnt.

### 3.2.1 Tiltak mot brot på ordensreglementet

Brot på reglane kan medføre følgjande tiltak etter kor alvorleg det er:

- munnleg åtvaring frå lærar/rektor
- munnleg melding til foreldre/føresette
- skriftleg melding til foreldre/føresette
- pålegg om oppgåver for å rette opp skade/hærværk (i eller utanom skuletid)
- møte på skulen før skuletid (parade) eller vere igjen på skulen etter skuletid
- inndraging av gjenstandar
- bortvising frå undervisninga/skulen
- nedsett karakter i orden og/eller åtferd (sjå kap.4)
- overføring til annan klasse/skule (sjå pkt 3.2.3)

*Verken elever eller lærere kan bruke fysisk makt. Fysisk maktbruk vil kunne rammes av straffelovens bestemmelser, som straffelovens § 271 om kroppskrenkelse, eller straffelovens § 273 om kroppsskade. I forarbeidene til opplæringsloven vises det til bestemmelsene om nødrett og nødverge i straffelovens § 47 og § 48, som til en viss grad gir skolens personale mulighet til å bruke fysisk makt for å hindre at elever skader seg selv eller andre, eller skader eiendom. (Rundskriv 8-2016)*

### 3.2.2 Bortvising

Bortvising er den einaste sanksjonen som er lovregulert, og er ein alvorleg og inngripande reaksjon som set eleven sin rett til opplæring til side.

Dei mest alvorlege sanksjonane (bortvising utover to timar) vil krevje at det blir fatta enkeltvedtak etter forvaltningslova §2, skriftleg og med klagerett. Fylkesmannen vil vere klageinstans for slike vedtak.

Opplæringslova (gjeldande frå 1.08.2017)

*§ 9 A-11. Bortvising*

*Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.*

*Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven.*

*Fylkeskommunen kan vedta at ein elev i vidaregåande skole skal visast bort for resten av skoleåret. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokkeimar.*

*Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldre skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.*

Ved bruk av vald og/eller trugsmål, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10.trinn bli:

- bortvist frå klassen/gruppa resten av timen/arbeidsøkta
- bortvist frå klassen/gruppa resten av dagen
- bortvist frå skulen i inntil 3 dagar

Elevar på 1.-7.trinn kan bli

- bortvist frå klassen/gruppa resten av timen/arbeidsøkta
- bortvist frå klassen/gruppa resten av dagen (føresette skal varslast)

Rektor tar avgjerd om bortvising, men kan delegere avgjerdsmynde til lærarar for bortvising av inntil 2 timar. Ein lærar kan berre vise eleven bort frå si eiga undervisninga, men kan ikkje sende eleven heim.

Ved bortvising frå skulen skal eleven ha fått høve til å uttale seg før tiltaket blir sett i verk. Føresette skal så langt det er muleg varslast.

### 3.2.3 Flytting av elev til annan skule

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn nærskulen, utan at elev/føresette gir sitt samtykke.

Før eit evt. vedtak om flytting blir gjort, skal ein ha prøvd andre tiltak.

#### Opplæringslova §8-1, 3.ledd, Skolen.

*Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skolen eleven har rett til å gå på..., dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det.*

Rådmannen tar avgjerd om dette.

### 3.3 Konkrete regelbrot og sanksjonar

#### 3.3.1 Ugyldig fråvær

*Opplæringslova § 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa*

*Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.*

*Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

Ved fråvær utover 14 dagar, der det er uavklart om eleven kjem tilbake til skulen, kan elevane skrivast ut.

Søknad om permisjon må sendast skulen i god tid, og kontaktlærer/faglærer skal uttale seg før rektor tar avgjerd.

Stort fråvær kan medføre at skulen ikkje har fagleg vurderingsgrunnlag, og eleven vil då kunne risikere å ikkje få karakter i fag (gjeld elevar på ungdomstrinnet). Skulen skal sende skriftleg varsel til elev /føresette.

[Forskrift til Opplæringslova §3-3, 3.ledd, Grunnlaget for vurdering i fag.](#)

Elevane har plikt til å møte presis til undervisninga, og delta i undervisninga.

Ugyldig fråvær er brot på ordensreglementet, og skal takast med når ordenskarakteren blir sett. Ved sjukdom skal skulen få melding så snart som råd.

Dersom eleven kjem for seint gjentekne gongar, eller er ulovleg borte frå skulen, skal heimen kontaktast for å få klarlagt årsaka. Dei tiltaka som blir sett i verk, må ein sjå i samanheng med årsaka og kor ofte dette førekjem.

Fråvær utover to samanhengande veker blir rekna som ugyldig fråvær.

Føresette skal involverast når fråværet, inkludert forseintkomming, går ut over eleven si læring og verkar forstyrrande i klassen. Føresette må få informasjon om ansvaret for at eleven møter på skulen, [Opplæringslova §2-1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring](#)



### 3.3.2 Krenkjande åtferd

#### **Opplæringslova §9A-2 Retten til eit godt og trygt skolemiljø**

*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Det er den enkelte elev si oppleving som er avgjerande for om eleven har eit trygt og godt skolemiljø.

#### **Opplæringslova §9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

#### **Opplæringslova § 9A-4 Skjerpa aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit godt og trygt psykososialt skolemiljø**

Alle som arbeider på skulen skal følgje med og gripe inn ved mot krenkingar som mobbing, vald og trakassering dersom det er mogleg.

#### **Opplæringslova § 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev.**

Ved mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald diskriminering og trakassering, skal rektor/skuleeigar informerast

### 3.3.3 Farlege gjenstandar

På skulen sitt område er det ikkje lov å ta med seg farlege gjenstandar som kan skade andre. Farlege gjenstandar blir inndradd av skulen, og overlevert til føresette. Ulovlege gjenstandar kan bli overlevert til politiet.

### 3.3.4 Rusmiddel

Det er forbode å vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre typar rusmiddel på skulen. Skulen kan inndra rusmiddel. Tobakk, snus og alkohol blir overlevert føresette. Ulovlege rusmiddel vil bli overlevert politiet.

### 3.3.5 Ransaking

Har ein mistanke om straffbare forhold knytt til pkt. 3.3.3 og /eller pkt.3.3.4, kan leiinga ved skulen be politiet om hjelp til ransaking. Føresette må så langt det let seg gjere varslast på førehand.

### 3.3.6 Hærverk/skadeverk på skulen

Skade/hærverk gjort med forsett på skulebygg , utstyr og bøker, kan medføre erstatningskrav overfor føresette. Dette gjeld òg skade påført kle, utstyr og anna til medelevar/tilsette.

[Skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2.](#)

*§ 1-1.(barns ansvar.)*

*Barn og ungdom under 18 år plikter å erstatte skade som de volder forsettlig eller uaktsomt, for så vidt det finnes rimelig under hensyn til alder, utvikling, utvist adferd, økonomisk evne og forholdene ellers.*

*§ 1-2.(foreldres ansvar m.v.)*

*1. Foreldre plikter å erstatte skade voldt av barn og ungdom under 18 år, såfremt de har latt det mangle på tilbørlig tilsyn eller på annen måte ikke har gjort det som etter forholdene er rimelig å kreve av dem for å hindre skadeforvoldelse.*

*2. Uansett egen skyld svarer foreldre for skade voldt forsettlig eller uaktsomt av deres barn under 18 år som de bor sammen med og har omsorgen for, med inntil 5.000 kroner for hver enkelt skadevolding.*

### 3.3.7 Mobiltelefon

Skuleeigar kan regulere mobilbruk i ordensreglementet, t.d. kan ein forby bruk av mobiltelefon i timane.

Skulen kan ikkje forby elevane å ta med mobiltelefon på skulen. Ved brot på regel om mobilbruk i timen (forstyrrer undervisninga – eit ordenstiltak), kan telefonen bli tatt frå eleven for kortare eller lengre tid, men ein heil dag er for lenge.

Dette er ikkje ein straff/sanksjon, men tiltak for å få ro.

Den enkelte skule vedtar reglar og sanksjonar for bruk av mobiltelefon i skuletida innanfor denne ramma.

### 3.3.8 Kamera og bilder

Det er ikkje tillate å filme eller ta bilde av medelevar eller tilsette utan at dei seier det er ok.

### 3.3.9 Netthets

*Netthets er straffbart etter flere bestemmelser i straffeloven. Det følger av [straffeloven § 267](#) at man kan straffes for å krenke privatlivets fred ved å gi opplysninger offentlig, som en annen person bør ha krav på bør forbli private. Det er uten betydning om det som ble skrevet var sant eller ikke, og opplysningene trenger heller ikke være nedsettende.*

*Mobbing på nett kan også rammes av [straffeloven § 266](#). Denne bestemmelsen sier at skremmende eller plagsom opptreden eller annen hensynsløs atferd som krenker en annens fred, er straffbart.*

### 3.3.10 Internett

Internett på skulen skal berre brukast knytt til undervisning. Dette skal ikkje hindre at internett blir brukt av elevar utanom den organiserte undervisninga.

Den enkelte skule vedtar reglar og sanksjonar for bruk av internett i skuletida, og kan inngå brukaravtalar med elevane for bruk av skulen sitt datautstyr utanom den organiserte undervisninga.

### 3.3.11 Fusk

Fusk eller forsøk på fusk blir rekna som brot på ordensreglementet, og kan få konsekvensar for eleven sin karakter i åtferd. Bruk av hjelpemiddel som ikkje er tillate, samt kommunikasjon med andre i ein prøvesituasjon, blir å rekna som fusk.

Det same gjeld ved kopiering/plagiering av andre sine arbeid som blir innlevert som eige produkt.

Karakteren på ein slik prøve vil bli annullert. Konsekvensen av dette er at vurderingsgrunnlaget i faget blir svekka, og kan resultere i at det ikkje blir gitt karakter.

Fusk eller forsøk på fusk til eksamen, sjå nærmare prosedyrar i [Forskrift til Opplæringslova §3-37, 4. og 5.ledd, Annullering av eksamen](#)

### 3.3.12 Straffbare forhold

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan skulen be politiet om hjelp til å gjennomføre

kontroll eller andre tiltak. Alle typar straffbare forhold som skjer på skulen bør meldast til politiet.

Straffbare forhold skal meldast uavhengig om det gjeld ein elev eller ein tilsett. Rådmannen tar avgjerd.

Dette gjeld bl.a. netthets, tjuveri, vald, truslar, valdtekt, utuktig omgang med mindreårige, lekamsskading, narkotika, rasistiske utsegner, utpressing, tvang, hæverk/skadeverk, sjikane pga. religion, legning, nasjonalitet eller kjønn og oppbevaring og bruk av våpen.

Rektor vurderer kor alvorleg den straffbare handlinga er, og kan i første omgang be politiet om å snakke med elev og føresette, utan at det blir ei formell meldesak. Skulen skal om muleg varsle føresette før politiet blir koplå inn. Blir eit straffbart forhold meldt til politiet, skal føresette ha skriftleg varsel.

## **Kap.4 Fastsetting av karakterar i orden og åtferd**

### **Forskrift til Opplæringslova**

#### **§ 3-5.Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd**

*Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.*

*Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.*

*Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.*

*Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.*

*I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd.*

#### **§ 3-6.Karakterar i orden og i åtferd**

*I grunnskolen skal det til og med 7. årstrinnet berre givast vurdering utan karakter i orden og i åtferd.*

*Frå 8. årstrinnet og i vidaregåande opplæring skal vurdering i orden og i åtferd givast med karakterar. I orden og i åtferd skal då desse karakterane nyttast:*

- a) God (G): vanleg god orden og vanleg god åtferd*
- b) Nokså god (Ng): klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd*
- c) Lite god (Lg): i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.*

#### **§ 3-7.Varsling (gjeld berre for ungdomsskulen)**

*Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag.*

*Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.*

*Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre*

*karakteren i orden eller åtfærd.*

*Etter at eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje varslast.*

Ved fastsetting av karakterar i orden og åtfærd skal ein ta omsyn til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet for grunnskulen i Kvinnherad og den enkelte skule sitt reglement.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven:

- er førebudd
- viser arbeidsinnsats
- møter presis
- har orden i skulesakene
- har med nødvendige læremidlar og utstyr

Grunnlaget for vurdering i åtfærd er knytt til om eleven:

- viser respekt for medelevar, tilsette i eller utanom opplæring
- brot på ordensreglementet i pkt. 3.3.1 til 3.3.10
- bidrar til arbeidsro i timane
- viser respekt for skulen og andre sine eigendeler
- er på skulen og deltar i undervisninga heile skuledagen

Vurdering i orden- og åtfærd skal vere skild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag. I vurdering av orden og åtfærd skal det takast omsyn til eleven sine føresetnader (|3-5, 5.ledd)

Til vanleg skal ein ikkje legge avgjerande vekt på enkelthendingar, unntatt når desse er særleg klanderverdige eller grove.

Ved nedsett halvårsvurdering og standpunktkarakter skal det endast ut skriftleg varsel i form av eit brev (ikkje e-post/annan elektronisk kommunikasjon).

## **Kap.5 Sakshandsaming**

### **5.1 Sakshandsaming knytt til skulemiljøet**

**Opplæringslova §9a-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø**

*Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.*

*Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.*

*Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.*

*Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.*

*Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå*

- a) kva problem tiltaka skal løyse*
- b) kva tiltak skolen har planlagt*
- c) når tiltaka skal gjennomførast*
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*
- e) når tiltaka skal evaluerast*

*Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.*

*Skulen har ei veke på seg for å setje inn tiltak. Dersom dette ikkje skjer kan føresette/elev melde saka til Fylkesmannen. Utdanningsdirektoratet er klageinstans.*

## 5.2 Generelle sakshandsamingsprosedyrar

Sakshandsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i

**Opplæringslova § 9A-10 Ordensreglement 2.ledd:** *Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.*

I tillegg kjem sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, særleg kapittel III - VI ved enkeltvedtak. Forvaltningslova, kap. III-VI.

Døme på saker med enkeltvedtak kan vere bortvisning, flytting av elev til ein annan skule, Ulike ordenstiltak det blir klaga på og standpunkt-og eksamenskarakterar.

Før alle typar alvorlege refsingsvedtak blir sett i verk, har elevane krav på å få forklare seg ovanfor den/dei som skal fatte vedtaket. (Viser til barns rett til å bli høyrte i saker som angår dei – jf. Grunnloven §104)

Eleven har rett til å ha med seg ein person i møte med skulen. Vedtaket skal innehalde ei grunngiving.

Føresette skal få informasjon om kva saka gjeld, og avgjerda som skulen har tatt. Ved alvorlege brot skal føresette/elev over 15 år varslast før vedtaket blir sett i verk. Eit enkeltvedtak er ei avgjerd som eleven/føresette kan klage på etter forvaltningslova kapittel VI. Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans, men klagen skal alltid rettast til skulen.

Også ved avgjerder som ikkje er rekna som enkeltvedtak, skal følgjande sakshandsamingsreglar i alle tilfelle gjelde:

Skulen pliktar å syte for at saka blir så godt opplyst som råd, og at avgjerda baserer seg på eit grunnlag som er forsvarleg etter kva saka gjeld.

Eleven skal så vidt muleg varslast og bli lagt føre relevante opplysningar i saka med høve til å uttale seg til den som skal treffe avgjerda, før avgjerd blir gjort.

I alvorlege saker skal føresette så vidt muleg kontaktast. Varselet kan gis munnleg, men ved avgjerder som betyr mykje bør grunngjevinga vere skriftleg.

Avgjerda skal grunngjevast, med å vise til kva for regel som er brote, faktum i saka som er lagt til grunn og dei vurderingane som er gjort. Grunngjevinga skal gis samstundes med at eleven vert informert om avgjerda, med mindre særskilde høve gjer dette vanskeleg. Grunngjeving kan gis munnleg, men ved avgjerd som betyr mykje bør grunngjevinga gis skriftleg.

## Kap.6 Iverksetting

Forskrifta om felles ordensreglement gjeld frå skuleåret 2018-2019, og skal gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette kvart år ved starten av skuleåret. Dette er rektor sitt ansvar.

Ordensreglementet vil bli revidert i tråd med endringar i gjeldande lover og forskrifter.

Reglementet skal til ei kvar tid finnast på skulen og kommunen si heimeside.



